



Håkon Vidar Sylta  
Hetlevikåsen 317  
5173 LODDEFJORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5401 - 20/10575

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
26.02.2020

## Svar på førespurnad om byggesak - gbnr 420/20 Utsylta

Vi viser til din førespurnad av 11.02.2020 knytt til byggesak på gbnr 420/20.

Det er i møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 14.06.2018 gitt dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for bruksendring av 2. høgda i eksisterande driftsbygning til anneks for varig opphald, og frå arealføremålet LNF for bruksendring og fasadeendring i samsvar med teikningsdokumentasjon i alternativ 3. Det vart sett vilkår om at eigedomen skal ha avløpsanlegg som stettar krava i dag.

Tiltaket vil krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova med krav om bruk av ansvarlege føretak.

Tilbakemelding på spørsmål:

1. Er det tilstrekkelig med de tegningene som ble godkjent i søknaden samt nabovarsel i søknaden. Mindre justeringer av vinduer/dører blir da sendt inn med ferdigstillelse.  
Svar:  
Ved innsending av søknad må du leggja ved målsette teikningar i målestokk som viser plan, snitt og fasade for eksisterande bygg og nytt tiltak. For eksisterande bygg kan dokumentasjonen supplerast med bilete. Dersom det er mindre avvik i planlagt tiltak må du oppdatera teikningane før du sender dei inn til kommunen. Tiltaket må nabovarlast på ny.
2. Hvilke tekniske krav settes til den del av bygningen som skal benyttes til kun soverom/oppholdsrom med tanke på isolasjon og ventilasjon (TEK 10/17). Vinduer blir justert basert på kravet til rømningsveier.  
Svar:  
Tiltaket skal prosjekterast i samsvar med TEK 17. Det er ansvarleg prosjekterande som har ansvar for at tiltaket er prosjektert i samsvar med

gjeldande krav. For søknad om bruksendring og nødvendig ombygging og rehabilitering av eksisterande byggverk kan det søkjast om unntak frå tekniske krav når det ikkje er mogleg å tilpassa byggverket til tekniske krav utan uforholdsmessige kostnader. Ved innsending av søknad om unntak må søker gjera greie for kostnader med tiltaket og at tiltaket er forsvarleg og nødvendig for å sikra hensiktsmessig bruk.

3. Søknad om personleg ansvarsrett som selvbygger for rehabilitering og endring av driftsbygningen, hva kreves det for denne type tiltak:
  - a. Min kompetanse:
    - i. Bygg/konstruksjon utdanning (sivilingeniør) som inkluderer dimensjonering av betong, stål, mur, tre konstruksjoner samt hus bygg.
    - ii. Over 20 års erfaring med kapasitet beregninger og design av oljeplattformer.
  - b. Min erfaring som utførende er rehabilitering av bygningsmassen på eiendommen samt nybygg av nøst på 36 m<sup>2</sup>.
  - c. Vil leie inn hjelp til det utførende (lokal tømrer/byggmester).

Svar:

Gjeldande lovverk opnar for at eigar kan få personleg ansvarsrett ved bygging til eigen bruk. Du må sannsynleggjera at arbeidet vil verta utført i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det er vår førebelse vurdering at du kan få godkjenning for personleg ansvarsrett ut frå den dokumentasjon som du har lagt ved førespurnaden. Vi vil likevel minna om at det er du som må sannsynleggjera nødvendig kompetanse og at du ved innsending av søknad om personleg ansvarsrett må du gjera greie for om dette er ivaretatt gjennom eigen kompetanse, bruk av medhjelpar sin kompetanse eller bruk av innleigd føretak.

Vi gjer elles merksam på at eit vedtak om dispensasjon gjeld i 3 år, og søknad om løyve til tiltak må som følgje av dette sendast inn innan denne fristen. Ved innsending av søknad på eit seinare tidspunkt må det søkjast om dispensasjon på ny.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Håkon Vidar Sylta

Hetlevikåsen 317

5173

LODDEFJORD